

Saksnr	Utval	Møtedato
9/21	Formannskapet	24.02.2021
3/21	Kommunestyret	25.03.2021

## **BYROMSSTRATEGI LEIRVIK SENTRUM**

### **Framlegg til innstilling:**

Kommunestyret vedtek framlegg til Byromsstrategi for Leirvik sentrum slik den ligg føre.

Tiltaka i strategien skal vurderast ved rullering av budsjett og økonomiplan.

Saksprotokoll i Formannskapet - 24.02.2021

### **Innstilling**

Kommunestyret vedtek framlegg til Byromsstrategi for Leirvik sentrum slik den ligg føre.

Tiltaka i strategien skal vurderast ved rullering av budsjett og økonomiplan.

### **Handsaming**

Samrøystes tilrådd

Saksprotokoll i Kommunestyret - 25.03.2021

## Vedtak

Kommunestyret vedtek forslag til byromsstrategi slik den ligg føre.

Kommunestyret vedtek å nytta kr 305 500 av restløyvinga til aktivitetspark Borgarden til følgjande tiltak i byromsstrategien:

- Deltaking i pilotprosjekt på autonom biogassbuss.
- Oppgradering av pavljonngen med blomar og minneplakett over vennskapssamarbeidet med Comalapa kommune (ferdig sommar 2021).
- Detaljprosjektering av torget og Borgarden i tråd med anbefalingene i byromsstrategien.
- Før ein kan gjere større endringar i tal parkeringsplassar, skal alternativ parkering vera klar.
- Næringslivet i sentrum må involverast sterkt i vidare arbeid med gjennomføringa av plana.

Kommunestyret vil ta stilling til resterande tiltak i samband med rullering av budsjett og økonomiplan.»

## Handsaming

Samla framlegg      Samrøystes vedteke

\* \* \*

Britt Nelly Barane (Ap) på vegne av Ap, Sp, KrF, H, SV, Raudt og Katrin Ankervold, UA kom med framlegget slik det ligg føre i vedtaket med dei tre første strekpunkta.

Reinert Svanberg (FrP) kom med framlegg om dei to siste strekpunkta slik det ligg føre i vedtaket.

Det vart røysta punktvis over framlegga frå (FrP) der strekpunkt fire vart vedteke mot 2 røyster (SV), siste strekpunkt var samrøystes.

\* \* \*

Reinert Svanberg (FrP) kom med følgjande framlegg som fall:

- Forutsetnad for å opprette Miljøgata gjennom sentrum er at Tverrvegen til Ådland er ferdigstilt.

Framlegget fekk 6 røyster (FrP og Linda Grundvig, UA)

Formannskapet sitt framlegg som fall

Kommunestyret vedtek framlegg til Byromsstrategi for Leirvik sentrum slik den ligg føre.

Tiltaka i strategien skal vurderast ved rullering av budsjett og økonomiplan.

Dokumentliste

S	08.02.2021		Byromsstrategi Leirvik sentrum
S	09.01.2019		Aktivitetsområde i Borggarden
X	28.01.2019		Sunnhordland - annonse / omtale
I	25.01.2019	André Skjønberg	Utforming av Borggarden
I	25.01.2019	Mone Nilsen	Aktivitetsområde
I	25.01.2019	Andreas Hauge	NMK - Borggaården
I	28.01.2019	Monika Joanna Kaczmarek	AKTIVITETSOMRÅDE I BORGGARDEN
X	30.01.2019		Påmelding til Borggarden prosjektgruppe
X	01.02.2019		Særutskrift Aktivitetsområde i Borggarden
X	08.04.2019	Sylve Rusten	Oppnemning sekretær
I	26.05.2019	Andreas Hauge	Møte om Borggarden søndag 26. mai kl. 18.00
I	03.06.2019	Sofie Lyngstadås-Milling	Underskriftskampanje til trampolinepark
I	04.06.2019	Bente Bjelland	Aktivitetsområde Borggarden - utkast 1
S	04.06.2019		Aktivitetsområde i Borggarden
I	04.06.2019	Bente Bjelland	Ativitetsområde i Borggarden, notat til Kommunestyret - utkast 2
I	05.06.2019	Bente Bjelland	Notat til kommunestyret Borggarden
I	05.06.2019	Rampline AS	Viktig melding om Borggarden
I	05.06.2019	SandvikPlay	Sandvik Play Tilbud med produktbeskrivelse Stord kommune Borggaarden Lekepark
I	07.06.2019	SandvikPlay	Korrigert pristilbud frå SandvikPlay
I	19.06.2019	Liv Langeland	Forslag til meir liv i sentrum
N	25.06.2019	Arne Bjelland	Aktivitetsområde i Borggarden
X	25.06.2019		Særutskrift Aktivitetsområde i Borggarden
I	20.06.2019	Bestemor på Stord	Hvis mulig, stopp bygging av lekepark
I	22.08.2019	Rampline AS - Maria Grindheim Skavland	Kommentarer og spørsmål til prosess, leikeanlegg for Borggarden i Leirvik sentrum
S	12.08.2020		Aktivitetsområde Borggarden
X	03.09.2020		Særutskrift Aktivitetsområde Borggarden
S	29.09.2020		MØTEPLASSAR I SENTRUM
X	15.10.2020		Særutskrift MØTEPLASSAR I SENTRUM
S	16.10.2020		Møteplassar i sentrum - kandidat til arbeidsgruppa
S	16.10.2020		Byromsstrategi for Leirvik sentrum - kandidat til arbeidsgruppa
S	16.10.2020		Byromsstrategi for Leirvik sentrum - kandidat til arbeidsgruppa
S	16.10.2020		Byromsstrategi for Leirvik sentrum - kandidat til arbeidsgruppa
U	20.10.2020	Vill	Førespurnad om oppdrag for Stord kommune
U	20.10.2020	JK Arkitektur	Førespurnad om oppdrag for Stord kommune
U	20.10.2020	ABO plan & arkitektur	Førespurnad om oppdrag for Stord kommune
U	20.10.2020	LINK arkitektur AS	Førespurnad om oppdrag for Stord kommune
N	22.10.2020	Inge Espenes m.fl.	Førespurnad om uttale - byromsstrategi Leirvik sentrum
X	23.10.2020	Stord kommune	Førespurnad om uttale - byromsstrategi Leirvik sentrum
X	26.10.2020	Tove Vikanes Agdestein	Særutskrift Møteplassar i sentrum - kandidat til arbeidsgruppa
X	29.10.2020	Tove Vikanes Agdestein	Innspel til arb.gruppa for ny byromsstrategi
I	29.10.2020	jk.arkitektur AS	Tilbud fra jk. arkitektur; Utforming av byromsstrategi for deler av Leirvik sentrum
X	02.11.2020	Stord kommune	Svar på førespurnad om uttale - byromsstrategi Leirvik sentrum
I	02.11.2020	ABO PLAN & ARKITEKTUR STORD AS	Tilbod-byromsanalyse Leirvik sentrum
I	02.11.2020	LINK ARKITEKTUR AS AVD BERGEN	Tilbod Byromsstrategi
I	02.11.2020	LINK ARKITEKTUR AS AVD BERGEN	Tilbod Byromsstrategi
X	04.11.2020	Tove Vikanes Agdestein	Uttale frå SKE
X	06.11.2020		Særutskrift Byromsstrategi for Leirvik sentrum - kandidat til arbeidsgruppa
X	09.11.2020		Særutskrift Byromsstrategi for Leirvik sentrum - kandidat til arbeidsgruppa

U	10.11.2020	JK.ARKITEKTUR AS	Tilbud på tforming av byromsstrategi for deler av Leirvik sentrum
U	10.11.2020	ABO PLAN & ARKITEKTUR STORD AS	Tilbud-byromsanalyse Leirvik sentrum
U	10.11.2020	LINK ARKITEKTUR AS	Tilbud Byromsstrategi
X	20.11.2020		Særutskrift Byromsstrategi for Leirvik sentrum - kandidat til arbeidsgruppa

Vedlegg:

- 1 Byromsstrategi for Leirvik Sentrum - 20200128 - ABO Plan og Arkitektur Stord

### **Innleiing (bakgrunn for saka)**

I møte 02.09.20 handsama formannskapet saka Aktivitetsområde i Borggarden. I vedtaket ba formannskapet rådmannen komme attende med forslag til heilskapleg utvikling av aktivitetsområde i Leirvik sentrum.

Formannskapet vedtok i møte 14.10.20 å utarbeide ein byromsstrategi for deler av Leirvik sentrum (torget - Borggarden - Sunnhordlandskaien). Det vart satt ned ei arbeidsgruppe og utarbeidd mandat for arbeidet. Formannskapet bad om at saka vart lagt fram for kommunestyret innan februar 2021.

### **Saksutgreiing (fakta, saksopplysningar)**

Arbeidsgruppa har hatt følgjande representantar: Gaute S Epland (Ap), Jakob Bjelland (Sp), Torbjørn Brosvik (KrF), Fredrik Litleskare (H) og Anna Sofie Valvatne (SV), Karl Joakim T. Lekven (ungdomsrådet), Nils Tore G. Økland (eldrerådet), Laila Stensletten (rådet for menneske med nedsett funksjonsevne), Susan Abdallah (kontaktutval for innvandrarar og flyktningar) Nina Langeland (næringsdrivande i sentrum), Odd Kvarme (Stord Petanque), Svein Ottesen (Sparebanken Vest). Arbeidsgruppa har hatt følgjande mandat:

1. Utarbeide framlegg til byromsstrategi for sentrumsaksen torget - Borggarden - Sunnhordlandskaien
2. Strategien skal byggje på innhaldet i moglegheitsstudien Veni-Vidi-Vikjo, på innspelsrapporten frå nærmiljøprosjektet, på relevante innspel til kommuneplanarbeidet og på erfaringar frå prosessen med å etablere aktivitetsområde i Borggarden
3. Strategien skal ta omsyn til og eventuelt samarbeide med pågåande og planlagde prosjekt for arealbruk i sentrum
4. Strategien skal vise kva for funksjonar/aktivitetar og målgrupper dei ulike byromma skal ha
5. Strategien skal leggje til grunn kommunen sine folkehelsemål
6. Arbeidsgruppa skal knyte til seg konsulent med fagkompetanse i planlegging/design av byrom/uteområde som kan bistå gruppa i arbeidet

Fire lokale arkitektfirma vart inviterte til å gi tilbud på konsulenttenester. Tre firma gav tilbud, og ABO plan og arkitektur vann konkurransen.

Arbeidsgruppa har hatt 6 møter, der eitt møte var workshop arrangert av konsulentfirmaet. Deltakarane i arbeidsgruppa har formidla synspunkta frå den gruppa dei representerer, og det har vore lagt vekt på å få fram dei ulike perspektiva i prosessen. I tillegg til arbeidsgruppa sine innspel har relevante innbyggjarinnspel frå tidlegare innspelsprosessar vore nytta som grunnlag for strategien. Stord kommunalteknikk, Stord kommunale eigeidom, Stord hamnestell og Regulering, byggesak og oppmåling har kome med sine innspel. Konsulentfirmaet har hatt dialog med utbyggarar i sentrum, m.a. utbyggar av Helseparken.

I samarbeid med arbeidsgruppa har ABO utforma framlegg til ein strategi og ei skisse for mulig framdriftsplan i arbeidet med å realisere tiltaka i strategien.

Strategien har tre hovudtema: 1. Materialitet og design, 2. Mobilitet og 3. Møteplassar. Innanfor tema 1 er det lagt vekt på gjenbruk av materiale, og å skape identitet og heilskap ved gjennomgåande designelement, materialbruk og fargepalett. Grøne strukturar er sentralt.

Tema 2 omhandlar løysingar for trafikkregulering og parkering. Det er lagt vekt på å skape gode tilhøve for mjuke trafikantar, og å leggje til rette for effektiv mobilitet m.a. ved hjelp av ny teknologi.

I tema 3 blir det vist utforming av byromma torget, Borggarden og Sunnhordlandskaien. Her er lagt vekt på å skape møteplassar for alle, gjennom å leggje til rette for ulike sitjeplassar og aktivitetar. «Byggeri» på torget og på kaien gir plass for torghandel, toalett/sørvisbygg og opphald under tak. Strategien tek også omsyn til plass for større arrangement som 17. mai, handballfestival og sommarrevy. Fokus på gangsoner mellom byromma gjer at romma heng saman og dannar ein heilskap.

Strategien er eit oversiktsdokument som gir eit heilskapleg og langsiktig bilete på utforminga av sentrum. Dei ulike tiltaka er ikkje ferdig utgreidd, og gjennomføring vil krevje nye prosessar med meir detaljert planlegging.

### **Vurdering**

Leirvik sentrum er i endring. Fleire store bustadprosjekt gjer at fleire bur i sentrum, og bygging av nye næringslokale, som Helseparken, vil føre til at fleire besøker sentrum. Samtidig er det færre folk som oppheld seg ute i sentrum, og det har vore utfordrande for næringsdrivande. For at Leirvik skal bli levande og ein stad folk trives trengs det attraktive tilbod og rom også mellom husa. Byrom har som regel ei rekkje ulike arealføremål, og ulike eigarar – både kommunale og private. Opparbeiding av byrom har i stor grad vore knytt til dei einskilde utbyggarane/eigarane. Kommunen manglar ein overordna strategi for byromma og kva dei skal tilby. Ein byromsstrategi vil gi kommunen ein sjanse til å vere i forkant og foreslå ønska utvikling for byrom i sentrum. Den kan bidra til å avklare kven som skal stå for utvikling, forvaltning og drift av byromma.

Gode byrom fungerer som byen sitt lim og gjer stadane meir levande og inkluderande. Inspirerande byrom kan skape større fysisk og sosial aktivitet, noko som gir betre helse, motverkar einsemd og skapar tryggleik. Eit godt byromsnettverk med attraktive og tilgjengelege byrom fremjar stadsidentiteten. Betre tilrettelegging for gåande og syklande bidrar til å redusere klimagasutslepp. Fleire blå og grønne kvalitetar er viktig for å takle utfordringar med overvatn som følgje av meir regn og storm.

Innbyggjarar og ulike aktørar har gitt mange innspel om korleis dei ønskjer Leirvik skal vere. Faktorar som går igjen er trivelege møteplassar og aktivitetar for både barn og vaksne. Arbeidsgruppa sitt framlegg til byromsstrategi synes å svare godt på innspela.

Strategien legg opp til tydelegare retningslinjer for design, materialval, fargebruk, planter og lyssetting. Dette kan bidra til ein meir heilskapleg utforming av sentrum og gi byen ein sterkare identitet. Strategien vektlegg gjenbruk av materiale, og kortreiste produkt frå lokale verksemder. Dette byggjer opp under kommunen sine berekraftsmål. Det same gjeld tilrettelegging for mjuke trafikantar og mindre bruk av privatbil.

Det er lagt vekt på gode møteplassar og aktivitetar for folk i alle aldrar, noko som kan bidra til meir liv i sentrum og eit betre grunnlag for næringsdrift. Enklare tilkomst og samanheng mellom byromma er viktige element for å gjere sentrum attraktiv og triveleg, både for dei som bur i sentrum og andre.

Strategien foreslår at realisering av tiltak skjer i ulike fasar. Enkle tiltak som etablering av sitjegrupper på torget kan gjennomførast i løpet av kort tid. For større tiltak er det naudsynt med detaljprosjektering og meir omfattande prosessar. Ferdig opparbeiding av Borggarden og etablering av aktivitetspark på kaien kan først gjerast når miljøgate og flytting av bussterminalen er gjennomført. Ein vedteken byromsstrategi gjer det enklare å inkludere utforming av byromma i andre pågåande prosjekt og slik medverke til meir effektive og heilskaplege prosessar.

Rådmannen meiner at forslaget til Byromsstrategi for Leirvik sentrum er eit godt innspel til den vidare utviklinga av kommunesenteret og rår til at strategien vert vedteken slik den ligg føre.

### **Økonomiske konsekvensar**

Realisering av tiltaka i strategien vil medføre kostnader både til etablering og drift, og ein lyt koma attende til dette når dei ulike tiltaka skal realiserast. Det kan vere aktuelt å greie ut ulike former for «spleiselag» mellom kommunen og næringslivet for å realisere dei ulike tiltaka.

### **Miljømessig konsekvens**

Strategien legg opp til berekraftige løysingar som t.d. gjenbruk av materiale. Betre tilrettelegging for gåande og syklande og gode løysingar for kollektivtransport kan bidra til reduksjon i klimagassutslepp som følgje av redusert bilbruk.

### **Folkehelse**

Tiltaka i strategien støtter opp om kommunen sine folkehelsemål m.a. ved å bidra til meir fysisk aktivitet, sosial deltaking og trivsel. Attraktive møteplassar kan fremje møte på tvers av generasjonar. Heilskapleg og universell utforming fremjar identitet, inkludering og tilhøyrse.

### **Universell utforming**

Strategien legg vekt på universell utforming av byromma

### **Beredskap**

Tiltak i strategien skal ikkje vere til hinder for beredskap

### **Konklusjon, alternativ tilråding**

Rådmannen gjer framlegg om at kommunestyret vedtek framlegg til Byromsstrategi for Leirvik sentrum slik den ligg føre.

### **Plan for gjennomføring**

Plan for gjennomføring av tiltaka i strategien må vurderast ved rullering av budsjett og økonomiplan.